

# Kjøpekontrakt

Seljar: Alver kommune  
Adresse: Kvernhusmyrane 41  
5914 ISDALSTØ  
Org. nr: 920 290 922

Kjøpar: Helland Eiendom & Invest AS  
Adresse: Idrettsvegen 3  
5936 MANGER  
Org. nr: 925 876 356

## 1. Areal som inngår i avtala

Ca. 4000 m2 frå gnr 445 bnr 322.

Arealet er vist i raudt på vedlagt kart.

Arealet skal målast opp i samband med overdraginga.

## 2. Vederlag og omkostninger

Kjøpar betalar kjøpesum på kr 2 250 000 i henhold til takst av 24.02.22.

Kjøpesummen forfaller innan 30 dagar etter påkrav frå selgjar. Selgjar kan ikkje sende påkrav før avtalt areal er delt i frå og gjeve eige gards- og bruksnummer.

Kjøpar betalar elles alle utgifter for å få overført eigedomen til seg. Dette gjeld utgifter til deling av tomt, tinglysning, dokumentavgift og evt. andre utgifter som følgjer av overdraginga.

## 3. Overtaking

Kjøpar overtek eigedomen når kjøpesummen er betalt til selgjar.

#### **4. Egedomen sin tilstand**

Egedommen vert seld slik den er, jf avhendingslovens § 3-9.

#### **5. Deling av tomt**

Så snart avtala er signert skal selgjar/kjøpar søkje om deling og oppmåling av tomta.

Kjøper plikter å signere nødvendige dokument for å gjennomføre overdraginga av arealet.

#### **6. Hefte på egedomen**

Selgjar garanterar at egedomen vert overdratt fri frå pengehefte. Selgjar garanterar også at det ikkje er varsla eller gitt offentlege pålegg for egedomen som skal overdras.

#### **7. Villkår**

Alver kommune har rett til å kjøpe tilbake arealet til same pris viss ikkje arealet blir utvikla til utbygging av omsorgsbustader i tråd med godkjent plan.

#### **8. Tvist**

Dersom det oppstår tvist om denne avtala, skal partane først prøve å løyse dette gjennom forhandlingar. I fall forhandlingane ikkje fører fram skal tvisten avgjerast av domstolen. Verneting er Hordaland tingrett.

#### **9. Tinglysning**


Denne avtalen kan tinglysast på gnr. 445 bnr 322.

## 10. Avslutning

Avtalen vert sett opp i 2 eksemplar – eitt til kvar av partane.

Frekhaug, den 28.05.22

som selgar:



Alver kommune  
Line Merete Valle  
Tenesteleiar Eigedomsforvaltning



som kjøpar:



Helland Egedom & Invest AS

Vedlegg:

Vedlegg 1 – Kartvedlegg

Vedlegg 2 – Grunnbokutskrift gbnr 445/322